



Personvern og informasjonskapsler

Her finner du Arbeidstilsynets personvernerklæring.

Denne personvernerklæringa fortel korleis Arbeidstilsynet samlar inn og bruker personopplysningar.

Behandlingsansvar

Arbeidstilsynet har ansvar for all behandling av personopplysningar der vi sjølv bestemmer formålet med behandlinga av opplysingane og dei verkemidla vi bruker til dette. I denne personvernerklæringa kan du lese meir om behandlingane Arbeidstilsynet er ansvarleg for.

Arbeidstilsynet, ved direktøren, er ansvarleg for behandlinga av personopplysningar. Erklæringa inneholder informasjon om kva du har krav på når det blir samla inn personopplysningar om deg, og generell informasjon om korleis vi behandler personopplysningar.

Arbeidstilsynets personvernombod

Arbeidstilsynet har utnemnt eit eige personvernombod som du kan kontakte dersom du har spørsmål om korleis Arbeidstilsynet behandler personopplysningar om deg, eller dersom du treng hjelp til å utøve rettane dine overfor Arbeidstilsynet. Personvernomboden har teieplikt.

Hår du andre spørsmål om rettane dine i arbeidslivet, kan du kontakte [Svartjenesta](#) vår.

Personvernomboden har ei uavhengig rolle og skal gi råd om korleis verksemder skal behandle personopplysningar. Omboden er også kontaktpunkt for dei som er registrerte, i alle spørsmål om behandling av personopplysingane deira og om rettane dei har. Eit typisk eksempel er spørsmål som gjeld innsyn i eigne personopplysningar.

Personvernomboden kan ikkje svare på generelle spørsmål om regelverk eller bruk av personopplysningar i andre verksemder. Det er Datatilsynet som er riktig organ for slike spørsmål, og som kan svare på dei gjennom si eiga rettleiringsteneste.

Du kan sende førespurnad til personvernombudet vårt på e-post personvernombudet@arbeidstilsynet.no. Av omsyn til personvernet ditt må du ikkje sende sensitive personopplysningar på e-post.

Hvis du ikkje ønsker å bruke e-post, kan du kontakte personvernombudet vårt via [eDialog](#). Husk å merke førespurnaden med «til personvernombudet». Dette kan du skrive i tittelfeltet.

Anna relevant lovgivning

I tillegg til personvernlova har mellom anna desse lovene betydning for Arbeidstilsynets behandling av personopplysningar:

Offentleglova med forskrifter inneholder reglar for når eit dokument er offentleg tilgjengeleg for allmenta, og når eit dokument kan vere unntatt offentleg innsyn. Arbeidstilsynet praktiserer meiroffentlegheit, det vil seie at tilsynet så langt det er mogleg, strever etter at dokument skal vere offentlege.

Forvaltningslova inneholder reglar for korleis saka di skal behandlast i Arbeidstilsynet. Som part i saka har du særskilde rettar, mellom anna rett til innsyn i saksdokumenta.

Arkivlova har reglar om korleis arkivskaparen skal behandle og oppbevare saksdokument, og om avlevering av dokument til arkivinstitusjonen.

Arbeidstilsynet er også tilsynsmyndighet etter fleire andre lover og forskrifter. Saksbehandlinga i samband med dette vil kunne innebere behandling av personopplysningar. Meir informasjon finn du på [datatilsynet.no](#).